

# Saksliste og dagsorden for ungdomsting

Ungdomstinget vil finna stad i St. Jakob kyrkje, 19. August 2023.

## Saksliste

Det er tre sakar som skal behandlast i komitear på ungdomstinget. Sakane er henta frå sakslista til Ungdommens Kyrkjemøte (UKM) 2023. Dette er for å sikra at Bjørgvin sine delegatar på UKM kan betre representere alle meiningane til ungdom i Bjørgvin bispedøme.

Sak 1: Kyrkjeleg mangfald i eit kyrkjeleg usamdsfellesskap.

Sak 2: Resolusjon om Sanning- og forsoningskommisjonens rapport.

Sak 3: Den norske kyrkjas forhold til borne- og ungdomsorganisasjonar.

Ungdomstinget skal i tillegg vedta nytt mandat for ungdomsdemokratiet i Bjørgvin bispedøme. Det noverande mandatet for ungdomsdemokratiet ligg vedlagt. Det oppdaterte mandatet vert presentert på ungdomstinget.

## Dagsorden

1. Opning ved representant frå ungdomsrådet
2. Val av dirigentskap
3. Godkjenning av innkalling
4. Godkjenning av dagsorden
5. Godkjenning av saksliste
6. Val av referent
7. Val av teljekorps
8. Val av to protokollunderskrivarar
9. Godkjenning av nytt mandat
10. Godkjenning av fullmakter
11. Årsmelding frå ungdomsrådet
12. Første plenum: presentasjon av innkomne sakar. Eventuelle sakar.
13. Komité
14. Andre plenum
15. Val av ny valkomité
16. Val av nytt ungdomsråd

## Vedlegg 1

### REGLAR FOR UNGDOMSDEMOKRATIET I BJØRGVIN BISPEDØME

Reglar for ungdomsdemokratiet i Bjørgvin bispedøme, med utgangspunkt i vedtak på kyrkjemøtet 2020 og tidlegare mandat for ungdomstinget og ungdomsrådet i Bjørgvin.

§ 1. Formål : Reglane skal leggje til rette for at unge i alderen 15–30 år kan få medverke i aktuelle saker regionalt, nasjonalt og internasjonalt i Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 36

#### § 2 UNGDOMSTINGET I BJØRGVIN

Ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme består av:

- a) Inntil to representantar oppnemnde av kvart av sokneråda i bispedømet, for sokn med meir enn 15000 medlemar, kan det stilla ein ekstra kandidat pr 5000 medlemar.
- b) inntil to valde representantar frå kvar av dei organisasjonane som er tilknytte «plattforma Kirkens barn og unge» og som driv ungdomsarbeid og har lokallag i minst eit sokn i bispedømet.
- c) medlemar av ungdomsrådet
- d) medlemar av bispedømerådet som er under 30 år.

Alle representantane må vere i aldersgruppa 15-30 år og vere medlemmer av Den norske kyrkja ( jf kyrkjeordninga §40 første ledd )

Ungdomstingets formål er å samle ungdom til inspirasjon, læring og utveksling av erfaringar.

Ungdomstinget er eit rådgjevande organ for biskopen og bispedømerådet som kan uttala seg i saker som gjeld Den norske kyrkja.

Ungdomstinget vert arrangert kvart år med ungdomsrådet som arrangør.

Dato for Ungdomstinget skal kunngjerast minst 4 veker før ungdomstinget. Saker som skal handsamast, sendast til ungdomsrådet seinast 3 veker før ungdomstinget. Innkalling med dagsorden og sakspapir sendast dei påmelde delegatane seinast 1 veke før ungdomstinget.

Dagsorden for ungdomstinget:

Opning ved representant frå Ungdomsrådet

Val av møteiar/møteiarar – Denne/desse treng ikkje vere delegatar

Val av referent

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjenning av fullmakter

Val av teljarkorps

Val av to protokollunderskrivarar

Årsmelding frå ungdomsrådet

Innkomne saker

Val av nytt ungdomsråd

Val av valkomité

Ungdomstinget kan vedta talerett for andre enn delegatar.

Bispedømerådet kan fastsette nærare reglar for ungdomstinget

### § 3 UNGDOMSRÅDET ( UR )

UR består av seks medlemar i aldersgruppa 15–30, valde av representantane på ungdomstinget. Ungdomstinget vel også inntil to varamedlemar til ungdomsrådet.

Alle representantar vert valde for eitt år om gongen.

Val av leiar og nestleiar skjer ved fyrste ordinære møte etter ungdomstinget.

Ungdomsrådets oppgåver:

UR er eit rådgjevande organ for biskopen og bispedømerådet i saker som angår i kyrkje og samfunn, spesielt det som vedkjem ungdom.

UR skal førebu og følgje opp dei saker som skal handsamast av ungdomstinget.

UR kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innanfor sitt område.

UR skal arbeide for samarbeid mellom dei ulike ungdomsmiljøa i bispedømet og leggja til rette for fellesarrangement.

UR følgjer opp saker frå Ungdommens kyrkjemøte ( UKM ) og «Den norske kyrkes ungdomsutval» ( DNKU)

UR vel to representantar frå ungdomsrådet til UKM.

UR vert innkalla minst ein gong pr år til eit møte med bispedømerådet

Bispedømet stiller med ein tilsett-ressurs utan stemmerett i UR

Bispedømerådet kan fastsetja nærare reglar om ungdomsrådet etter uttale frå ungdomsrådet.

Vedteke på Ungdomstinget i Bjørgvin 14.august 2021